

Møtereferat

Møte: Møte AU Nord

Tid/Sted: Måndag 27.08 – tysdag 28.08 på Nortura Bjerka og Clarion Collection Hotel Helma

Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Birgitte Rørvik Bruun, Bjørn Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund, Svein Inge Jakobsen og Arne Flatmo (berre tysdag)

Forfall:

Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg

Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger Molde, 28.08.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 20. – 21.08</p> <p>Merethe orienterte om resultat hittil i år, NOVA og status forbetningsprogrammet 2018-2019. Sal og marknad: Grillsal Norgesgruppen 107 i indeks, Coop 87 i indeks og Rema 118 i indeks. God utvikling på grill før grillforbod. Omarbeidd kampanjeplan for å få auka sal av svin, storfe og gris. Totalmarknaden. Kredittrisiko hos produsentar.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Kva er årsaka til at Omsetningsrådet ikkje vil vurdere eksport av sau?• Vert det gjort noko for å få til halalslakting? Verdsmarkedsprisen på halal er høgare enn på ordinær sau. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	
2	<p>Handlingsplanarbeid for 2019</p> <p>Brit Kari orienterte om ressursgruppemøta i september, der handlingsplanar for 2019 skal leggast saman med fag/tilførsel.</p> <p>Møtedatoar for ressursgruppene er:</p> <ul style="list-style-type: none">• Småfe – Ragnhild: Tlf møte ?• Storfe – Fred Tore: Tlf møte 11. september• Gris – Bente: Tlf møte 03.09• Egg – Bjørn Arne: Fysisk møte 19. september på Værnes <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering. Ragnhild og Bente får fastsett møtedatoar for tlf møte så snart som mogeleg.</p>	Ragnhild og Bente
3	<p>Kretsarbeidet</p> <p>Brit Kari orienterte om at kva rådgjevingstilbod Nortura skal ha for framtida, skal på høyring i kretsutvala før RU-møtet. Handlingsplan 2019 for fag/tilførsel skal også på høyring i kretsutvala.</p> <p>Involvering frå AU vart drøfta. AU følgjer opp sine ansvarskretsar, ved å oppmode om møter i kretsutvala, og evt delta ved ynskje.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Ha saklista til RU-møtet klart, slik at den kan drøftast i møta i kretsutvala? <p>Vedtak: AU følgjer opp sine ansvarskretsar, ved å oppmode om møter i kretsutvala, og evt delta ved ynskje.</p>	Brit Kari AU

4 **Planlegging av regionutvaldsmøtet 13. – 14.11**

Dagsmøte kontra 2-dagers møte, tidsramme og agenda vart drøfta, samt ynskje om konsernleiing. Brit Kari opplyste om at skilnad mellom dagsmøte og 2-dagers møte utgjer ca kr 350 000 i hotell og daggodtgjersle.

Innspel/kommentarar:

- Viktig å ta ned kostnader no, difor bør vi ha dagsmøte i år.
- RU-møtet er viktig for opplæring av tillitsvalde.
- Status dyreslaga og tiltak som tema.
- Ukentleg infobrev til eigarane i region Nord om tilførselar, behov, mm er ynskjeleg.
- Kva kan du gjere på din gard for å redusere overproduksjonssituasjonen? Tema på gruppearbeid?
- Ynskje om Ole Nikolai Skulberg frå Totalmarked.
- Korleis forhold kjedene og grossistledet seg til overskotsituasjonen?
- Frå styret: Per Heringstad, evt Bente Roer.
- Info frå regionen også viktig.

Vedtak: AU ynskjer dagsmøte tysdag 13.11 for å redusere kostnaden i år. AU tek møte kvelden før for å sikre framreise. Brit Kari jobbar vidare med regionutvaldsmøtet.

Brit Kari

5 **Kretsmøteplan 2019**

Brit Kari orienterte om forslaget.

Innspel/kommentarar:

- Berre 4 medlemmar møtte i Bindal. Kva kan gjerast for auka oppmøte? Aktuelt med felles kretsmøte? Brit Kari kontaktar kretsleiar.
- Sende kretsmøteplanen til kretsutvala på høyring.
- Birgitte vil lufter mogeleg kretssamanslåing av kretsane ETS og Ytre Sør-Troms.
- AU ynskjer at det vert jobba vidare med kretsstrukturen, må vere ein kontinuerleg prosess.

Brit Kari

Brit Kari

Vedtak: Brit Kari jobbar vidare med kretsmøta.

6 **Orientering frå Medlem og Drift region Nord**

Arne orienterte om tilførslane. God utvikling med auke av storfe til Bjerka og Målselv, relativt stabilt til Karasjøk. I veke 34 større innmelding av lam enn på same tid i fjor. Tilførselar gris hittil i år som i fjor til Bjerka, og ein auke til Målselv. Ein stor svineproducent til Horn har gått over til Nortura – har også storfe og sau.

Svein Inge orienterte om 20 % reduksjon på adm stillingar, noko som medfører at det må sjåast på arbeidsoppgåver og arbeidsform.

Livdyr: Kristine Fosli i hovudsak, saman med intransportteamet, skal ha ansvar for formidlinga i region Nord.

Lam og sau: Vore fullt ut leveringsdyktige i region Nord så langt. 140 tonn til Rema. Jobbast med mogelege tiltak som halalslaktning i Målselv, forbrukarpakke sau, sal gjennom medlemsbutikk. Må kløyvast pga SRM-krav. Stor utfordring med overproduksjonen.

Kostnadsreduksjonar: Prioritering av vedlikehald. Personalkostnad redusert.

Thulefjord: Bra drift på pølser, innsal av lammerull og sylte går trått.

Medlemsbutikk: Målselv stor suksess, sel varer med utgått liggetid, reduserer matsvinn. Ordinære varer til kostnadsdekning. Bjerka opnar torsdag.

Arbeidsmiljø Karasjok: Veke 38 skal Svein Inge ha samtale med alle ansatte ved oppstart av sesong.

Reinsslakteri Karasjok: Aktør jobbar med investorar. Nortura har godt samarbeidsklima med Finnmark rein.

Avlivingskurs: Nytt kurs i Karasjok i veke 38. Vil gjennomføre ved Bjerka og Målselv vinter/vår.

Spørsmål/kommentarar:

- Har vi fått sal på all fersk lam så langt?
- Signal om at det pga førsituasjon og pris ikkje er sikkert at sau vert halde igjen til etter veke 43. Det å vise til ein plan for forbruket av sau kan avhjelpe.
- Får av og til beskjed om lammeringsleiarar som ikkje fungerer. Kven har ansvaret? Bør vi vere meir obs og ta tak tidlegare? Arne følgjer opp ein leiar.
- Fortsatt reduksjon i kalveslaktinga i Finnmark?
- Eggpakkeriet på Heimdal fekk driftsstopp. Butikkane fekk ikkje info om at Asko hadde bufferlager.

Arne

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 **Nordland Bondelag sitt rekrutteringsprosjekt**

Arne orienterte om Nortura sitt bidrag, som er personell, ikkje økonomiske ressursar. Har aktivitet mot skular, arrangerer avløysarkurs, vil tilby elevar på landbruksskulen ein dag med ein rådgjevar i organisasjonane, m.m. Bondelaget og Småbrukarlaget er representert i styringsgruppa ved styremedlem, samt representantar frå landbruksskulane på Kleiva og Vefsn. TINE, FK og Nortura har ein felles representant, som i dag er Arne. Burde AU vore i styringsgruppa i staden for Arne? Nokon frå FK eller TINE? Prosjektet har vart ca 1,5 år, og er om lag halvveis.

Drøfting av Nortura si rolle framover.

Innspel/kommentarar:

- Forslag om å sende førespurnad til FK og TINE om dei kan ta over plassen i styringsgruppa. Dersom dei ikkje ynskjer det, går Endre inn i styringsgruppa.

Vedtak: Arne sender førespurnad til FK og TINE om dei kan ta over plassen i styringsgruppa. Dersom dei ikkje ynskjer det, går Endre inn i styringsgruppa.

Arne

8 **Orientering frå fagutvala og kretsane**

AU orienterte frå fagutvala vedk produksjonsstatus, tiltak og utsikter/utfordringar. I tillegg frå telefonar med kretsleiarane i ansvarskretsane.

Gris – Bente:

- I Fagutvalet stort fokus på reduksjon av lager og produksjon. Nedgang i semintala. Innspel om differensiert smågrispris i forhold til faste avtalar og ikkje er drøfta. Smågrisslaktinga er kostbar.
- Griseløftet: Relansering av Gilde Edelgris med dyrevelferdsmerking, utfordring med dialog med sal/marknad. Kor stor påverknadskraft har fagutvalet?
- Vegagris: Møte i Oslo med styreleiar og konsernsjef, viktig for anlegga i regionen. Proff vil ta det inn i sitt sortiment, jobbast med daglegvare.
- Kretsane: Ikkje fått tatt kontakt no. Lokal variasjon i førtilgang, godt håp om god andreslått.

Livdyr - Birgitte:

- Formidlinga vert etter kvart flytta til regionen for å utnytte kompetansen.
- Inntrykk av at formidlinga fungerer betre no.
- Kretsane: Ytre Sør-Troms greit med grovfôr. I Narvik/Ballangen to nedleggingar pga alder/sjukdom. Variabelt med grovfôr. ETS varierende med grovfôr.

Endre:

- Kretsane: ¾ av fyrsteslått, god andreslått, om enn forseinka. All jord som kan drivast er i drift.

Småfe – Ragnhild:

- Ragnhild leiar i fagutvalet, fått laga møteplan.
- Tlf møte i fagutvalet 15.08 med Totalmarknad. Auken i omsetningsavgift vart ikkje nemnt då. Stort fokus på sau. Frustrasjon over forslag om bruk av sau, utan at det vert tatt på alvor. Nye produkt med sau er Tikka Masala (frivillig i Norgesgruppen) og frikasé (ikkje fått listing). Andre mogelegheiter kan vere fårrikål og kjøtdeig.
- Eksport: Ynskje om eksport av 1 000 tonn fersk sau. Vart avvist av LMD.
- På landsplan få signal om nedlegging, mange vil redusere i forhold til førsituasjonen.
- Kretsane: Enkelte bra førtilgang, Steigen 30 %. Andreslått ser bra ut. I Svartisen ein produsent som går til Horn. I Midt-Salten ok førsituasjon. Ein ungdom vurderer oppstart med storfe, må fylgjast opp i forhold til konkurrent.

Egg – Bjørn Arne:

- Fagutval egg møte 09.08. Godt sal, balansert produksjon. Den Stolte Hane ynskjer å leige eggprodusentar hos Nortura, framfor å kjøpe egg eller nyetablering. Vil tilby spesialproduksjon til dei.
- 95 produsentar har skrive avtale om omstilling. Jobbast med om industrien vil bidra med omstillingstillegg.
- Produksjon av varmestabil plommepulver går godt, eksporterer 50 tonn. Rimelegare tiltak enn førtidsslakting.
- Oppstart av produksjon av eggproduktet på Egg til våren.
- Kretsane: Tilstrekkeleg med fôr, men lokalt overvintringsskade og utfordrande å ta andreslått.

Storfe – Fred Tore:

- Møte i fagutval i sommar. Overgang til klassifisering ved lengdemåling, i bransjestyret vedtatt på storfe frå 2019. Endring av verdi i forhold klassing er endra frå juli.
- Prognose: Fortsatt vekst på ammeku, prisløypa legg opp til høgast pris fyrste halvår.
- Spesielle varetraumar: Tener ikkje på Norsk kjøttfe, vurdere utfasing, evt reduksjon i antal avtalar.
- Livdyrprisar har vore diskutert, synspunkt på at kjøpar betaler for høg pris. Berekingar syner at det er rett.
- Prioritering av fagaktivitet og tilførselsarbeid diskutert.
- Grovførsituasjonen og livdyrformidling
- Kretsane: Bra med fôr, dei fleste sel og mange sel sørover

Svein:

- Kretsane: Variasjonar, men omlag avlingar som i fjor, meir føreiningar i kvar rundball.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

9

Eventuelt

Svein føreslo uttale frå AU knytt til at det ikkje bør nytte omsetningsrådsmidlar til sau til pelsdyrfôr.

AU vedtok fylgjande uttale til styret:

"I forbindelse med overproduksjon på sau er det fra Totalmarkeds side søkt om å få bruke 1 000 tonn fersk sau til pelsdyrfôr. Dette er en løsning AU Nord ser på som en stor utfordring i forhold til Norturas omdømme utad og også innad i eierorganisasjonen. Vi anmoder at administrasjonen finner andre løsninger for håndtering av overproduksjonen enn å bruke ferskt råstoff til dyrefôr når vi har råstoff som nesten er utgått på dato på lager.

Hva er årsaken til at halalslakt og eksport ikke er valgt som et alternativ til dyrefôrproduksjon?

Omdømmemessig vil det bli en utfordring å forsvare at menneskemat blir dyrefôr, ovenfor forbruker og ikke minst ovenfor eierne.

Vi registrerer også at dette tiltaket IKKE har vært oppe i Fagutvalg småfe for drøfting."

Endre tok opp om fagutvala fungerer etter hensikten, når fagutval småfe ikkje vert rådført om auke i omsetningsavgift og sau til pelsdyrfôr, og fagutval gris ikkje er orientert om endeleg dyrevelferdsmerking av Gilde Edelgris.